

Hordaland Grunneigar –  
og Sjølaksefiskarlag

Bergen 27.01.2022

Til  
Alver kommune  
Pb. 4  
5906 Frekhaug

## **Sak 21/10319 - Skjelanger**

**Blom Fiskeoppdrett AS -Søknad om ny lokalitet for oppdrett av laks,  
aure og regnbogeaure ved Skjelanger i Alver kommune.**

## **Merknader frå Hordaland Grunneigar – og Sjølaksfiskarlag (HGSL).**

Fjordsistema i Hordaland har i lang tid vore utsett for store mengder rømt oppdrettslaks og i tillegg mykje lakselus frå oppdrettsanlegga, noko som har ført til problem for villaksbestanden i distriktet. Kvar den rømte oppdrettslaksen kjem frå er ikkje lett å seia, men det er ikkje usannsynleg at mykje av den kjem frå anlegg i vårt distrikt.

Parallelt med auken av rømt oppdrettslaks og mengda av lakselus har det vore sterk nedgang i villaksbestanden. Dette har medført totalfreding i sjølaksefisket i indre område av Hordaland sidan 1992 og dei seinare åra har alt sjølaksefisket i Hordaland vorte stengt. Dette med sikte på å redde villaksbestanden i Vossavassdraget og andre truga vassdrag.

På bakgrunn av dei restriksjonane som har vorte lagt på sjølaksefiskarane dei siste åra, dei til tider store mengdene rømt oppdrettslaks i vårt område , samt mengda av lakselus, finn HGSL det uheldig at det vert etablert nytt oppdrettsanlegg i denne delen av Mangersfjorden. Her er det ikkje oppdrettsanlegg frå før og smolten av villaks kan vandre til havs gjennom dette området utan å møte på større mengder med lakselus.

Hgsl vil vidare gjere merksam på at det kan sjå ut til at tidlegare lakseplassar for fastståande reiskap ikkje er utfyllande registrert av kommunen. Dette er eit arbeid som vi hadde sett stor pris på at kommunen gjorde, slik at konflikt med lakseplassar for fastståande reiskap vert unngått ved eventuell etablering av nye oppdrettslokaliteter. Ved plassering av eit oppdrettsanlegg må det også takast omsyn til at villaksen si naturlege vandring fram mot lakseplassen ikkje vert hindra og at sjølve plasseringa av anlegget heller ikkje er til hinder for å utøve sjølaksefiske på lakseplassen. Vi har problem med å sjå at det ved Skjelanger vert tatt omsyn til sjølaksefiskarane sine interesser ved plassering av den nye lokaliteten. Rett nok er villaksbestanden på eit lavmål og fisket stoppa, men at ein dermed skal sjå heilt bort frå ei næring som har eksistert i hundrevis av år meiner vi ikkje er rett. Her vil vi påpeike at

den nye oppdrettslokaliteten kjem i direkte konflikt med to gode lakseplassar som vart brukt før totalfreding,

**H GSL går imot at det vert etablering av ny lokalitet for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i ein inneklemt fjordarm som i dag er fri for oppdrettsanlegg. I tillegg kan vi ikkje godta at lokaliteten vert plassert slik det er søkt om, dette då plasseringa vil hindre sjølaksefiske med fastståande reiskap.**

Med venleg helsing

For Geir Magne Gammersvik  
Formann i HGSL

Arvid Borge  
Sekretær

Kopi  
Statsforvaltaren i Vestland

Miljø og klima v /fiskeforvalter Gry Walle  
Statens hus  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger